

77. Tone: Godt folk i stova

1. Eg kjem ihug so ofta eg skulle prøva paa
Ein to tre tima skofta aa lata andi raa
Dar sviv meg eitt aa anna, uvisleg aa forkjert
Eg kan kje urett sanna Den ligg so altfor bert.

2. Da er no so me veta enkvar vil gjedna sjaa
At han hev godt aa eta aa mjukt aa liggja paa
Men folk er soleis sinna I laagdi aa i høgdi
Kor mykkje ein kan vinna So vert ein ikkje nøgd.

3. Ein gamle logar kasta aa nye koma paa
Ein kan kje ditta lasta me fylgja tidi maa.
Med log skal landet byggjast, da veit me kvar aa ein
Med log skal landet tryggjast, i kyrkja aa i heim

4. Tenk paa dei gamle kjære so trutt hev strævt aa
balt
Ha levd i vyrd aa ære, hev skatt aa toll betalt
Den store arbeidsklasse i kvar ei arbeidsgrein
Den store folkemasse uti dei tusin heim

5. Den gamle trøytt fiskar so jamt hev lide vondt
So uti storm aa hisker hev tumla havet rundt
No er han sjuk aa færdug han sit i hytta matt
Kva trur du han er værdig, høyr skal han gløymast
ratt

6. Den gamle stakkar murar ned alle sleggeslag
So uti fjell aa urar hev slite all sin dag
No ork han ikkje lenger han kryp i framand kraa
Kva meina du han trenger kva skal han leva taa

7. Dei gamle kjære sjømen kaptein matros aa los
Korleisna vil du døma Kva hev dei gjort for oss
Kor høgt vil du vurdere den gagni dei hev gjort
Høyr skal ein fort marssera aa gløyma disse bort

8. Den snilde gamle skomakaren so sit
So slær paa pliggar berre aa stryk paa traaden bek
Aa likaeins dei gilde so syr aa laga klæ
So vel so dei no vilde Dei no so sjuke æ

9. Aa so den gamle mannen so trutt ved elden stend
Aa hamra hardt paa steen so sveitten dryp aa renn
Aa so dei gilde sveinar so offrar dar si tid
Seg meg korleis du meiner dei no so ymse lid

10. Aa so dei mange kjære so stend med øks aa sag
Aa byggja hus so svære solide vegg aa tak.
Aa alle dei so mala aa farga alt so gildt
Paa faarleg høgde balar aa lidar ymse ilt

11. Aa so kvar trugen bakar so natt aa ljose dag
Hev laga braud aa kakor utav dei ymse slag.
No er han trøytt ei længer han orkar laga braud
Men endaa braud han trenger Han er kje endaa
daud.

12. Aa so kvar trugen bonde, so kvar tid hamast aag
So slit paa dagar vonde med verk i kvar ei taag.
Han maatte ryggja byggja So trongt han i det sat.
Men endaa teng han hyggja, eit litegrande mat.

13. Aa so dei alle mange i hyttor her aa der
Aa du! Kor mange gonge der naud for døri er.
Aa du kor hardt dei bala, du veit dei hev kje løn
Faar mange til ala fell taarur , - sukk aa bøn

14. Ja alle disse kjære, utslitne ganle daa
Dei er no lika nære ei etterløn aa faa
Som riksmenner ere der sit med fulde kar
Maa djupt i hjarta skjere naar ein vert ditta var

15. Sjaa no høgvyrde herrar, so raar for lov aa rett
Som øydar millionar paa stas aa levesett
Djaa til aa hanfla varleg ein fatik so ein rik
Tenk um da er forsvarleg aa dela braude slik.

16. Eg fin dar er kje hyggja for arbeidsfolkje no.
Naar berre staten tryggja kvar stormann yverflo.
Korleisna kan ein vona at ein med hugna gjeng
Av masse millionar faar ikkje dei so treng

17. Ein rækk til alle munna so rikt vorherra gjev
Men da so er da vonna faar meir so mykje hev
So røyna ingjen faare Aa leva utan borg
So ikkje fella taare For føda ingje sorg.

18. Den logen var den fyrste som kom i verdi ut
Kvar hjelpa skal sin næste, da segjer sjølve Gud
Den logen er kje heldum ein lik han so aa so,
So difor er det sjeldan at smaafolk vyrdast no.

19. Da er pangsjon eg meine , da heila folk maa faa
Aa ikkje dei aaleina, so landets stil skal raa
Men lat dei faa so trengja, dei gamle sjuke smaa
Slik styrna Gud vil signa, si vist me røyna daa.